



## Notat

Dato: 18.09.2014  
Arkivsak: 2014/21103-1  
Saksbehandlar: hilklep

---

**Til:** Samferdselsutvalet, Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik

I fylkesutvalet den 28. august 2014 sette representanten Nils-Olav Næss fram fylgjande oversending:

*I sommar vart avgangar ved ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik brått innstilt då ferja som trafikkerer sambandet vart sett inn som reserveferje i eit anna samband. Reisande vart ikkje informerte om dette på førehand, og dette førte til store problem for pendlarar som hadde trong for å reise vidare med bil også på andre sida av fjorden. Dette sambandet har fått sterkt redusert rutetilbod etter opninga av Hardangerbrua, noko som er særleg problematisk for innbyggjarane på vestsida av Sørfjorden. Kor lenge var ferja ute av drift? Har operatøren heimel i kontrakten til å gjera dette? Eventuelt kva kan gjerast for å sikra at ferjetilbodet ikkje vert råka ved driftsavbrot i andre samband?*

Den 18. og 19. juli fekk Norled tekniske problem og utfordringar med fleire ferjer. Norled klarte ikkje å skaffe nok reserveferjer og dei tilrådde å flytte «Jondal» (ferje II) frå sambandet Kvanndal–Utne–Kinsarvik til sambandet Gjermundshamn–Varaldsøy–Årsnes som ferje II, som ei mellombels løysing. Dette vart gjort fordi Varaldsøy ikkje har andre alternativ enn ferja, medan Kinsarvik har omkøyringsmoglegheiter. Skyss aksepterte denne løysinga då Norled ikkje klarte å skaffe alternative transportmateriell midt i fellesferien.

Laurdag 19.07.14 vart turen frå Utne til Kinsarvik innstilt kl 18:50. Norled innstilte og returen frå Kinsarvik kl 19:30, samt kl 22:50 frå Utne til Kinsarvik.

Alle avgonger til/frå Kinsarvik vart innstilte søndag 20.07.14 til mandag 21.07.14 kl 14:00. Det vart oppretta ei båtrute mellom Kinsarvik og Utne mandag 21.07.14 kl 14:00. Båtruta gjekk alle turene mellom Utne og Kinsarvik til onsdag 23.07.14 om morgonen. Onsdag 23.07.14 kl 08:35 var «Jondal» tilbake som normalt i sambandet.

Skyss beklagar hendinga i sommar, og innser at det burde vore oppretta ei båtrute før mandag 21.07.14 kl. 14:00.

Norled vart i sommar råka av mange uhell samstundes, og dei har beklaga at dei ikkje klarte å oppfylle kontrakten i dette tilfellet. Avviket vert behandla kontraktuelt og Skyss vil følgje opp operatør endå tettare for å unngå liknande tilfelle seinare.